

Tjue år med ordna, kristen-muslimsk dialog

I 2013 er det tjue år sidan den nasjonale Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd Norge var etablert. I samband med tjueårsjubileet har Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap stilt eit temanummer til disposisjon, noko som har gitt rom for tre artiklar som analyserer ulike aspekt ved Kontaktgruppa sitt arbeid. Jan Opsal tar opp ei rekke spørsmål som har med representasjon og representativitet å gjere, Anne Hege Grung analyserer Kontaktgruppa sitt arbeid i eit kritisk kjønnsperspektiv, og Faruk Terzić tar for seg forholdet mellom religiøst og sekulært språk i dei mange felleserklæringane som gruppa har kome med gjennom åra. Alle dei tre forfattarane har vore og er sentrale medlemmer i Kontaktgruppa sitt arbeid.

Då Kontaktgruppa vart annonsert i 1992, viste eit oppslag i Vårt Land den 17. desember at fleire konservative kristne var urolege for at ein ordna dialog mellom kristne og muslimar i Norge skulle føre til ei uheldig religionsblanding som ville relativisere religionane sine sanningskrav. Men det same oppslaget viste at det også var nokre som – med meir positivt forteikn – såg for seg at det ferske kontaktinitiativet ville samle muslimar og kristne i ein ”felles front mot rasisme, partnerskapsloven og alkoholisme”.

Til dei som såg fram mot ein verdikonservativ, kristen-muslimsk allianse, repliserte ein representant for Mellomkyrkjeleg Råd (nærare bestemt, Olav Fykse Tveit) eit par dagar seinare at det handla om å skape rom for ”Felles samtale, ikkje felles front”.

Ser ein nærare på korleis Kontaktgruppa utvikla seg, kan ein nok slå fast at det heller var ei menneskerettsleg tenking som vart ståande i sentrum, snarare enn verdikonservative hjartesaker.

Då den kristen-muslimske Kontaktgruppa vart etablert i 1993, vart hendinga knapt nok registrert i den allmenne offentlegheita. Derfor var det heller ingen liberale som vart skremde opp av den (ikkje særleg godt underbygde) spådommen om ein verdikonservativ allianse mellom kristne og muslimar.

Frå 1993 og framover har den norske religionsdialogen i stigande grad blitt institusjonalisert, i bilaterale fora som den kristen-muslimske Kontaktgruppa, det multilaterale Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (frå 1996) og den meir internasjonalt orienterte Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet (frå 1998). Etter modell av den kristen-muslimske Kontaktgruppa har det også blitt etablert bilaterale kontaktgrupper mellom Den norske kyrkja og Det Mosaiske Trossamfund, og mellom kyrkja og Buddhist forbundet. For eit par år sida vart det også skipa eit trilateralt kontaktforum for Den norske kyrkja, Det Mosaiske Trossamfund og Islamsk Råd – med det passande namnet Abrahams barn. Kyrkja sjølv har profesjonalisert sitt arbeid med religionsdialog gjennom det som no heiter Kirkelig dialogsenter (tidlegare Emmaus).

I 1990-åra og dei første åra av 2000-talet må ein kunne seie at den vesle interessa som vart religionsdialogen til del i den allmenne offentlegheita, i hovudsak var positiv. Men etter som den institusjonaliserte religionsdialogen har vakse seg sterkt i Norge, har haldninga til religionsdialog blitt merkbart meir kritisk hos sekulært innstilte borgarar, liksom hos islamkritiske samfunnsdebattantar. Karikaturstriden synest i så måte å ha vore eit skiljemerke (noko som blir nærare analysert av Vebjørn Horsfjord i ein artikkel i Kirke og Kultur nr. 4: 2013). Under karikaturstriden lente norske styresmakter, i sine forsøk på å finne forsonlege løysingar på konflikten, seg på den etablerte religionsdialogen. Representantar for så vel regjeringa som opposisjonen presiderte over ei offentleg forsoning mellom Islamsk Råd og Magazinet-redaktør Selbekk, og Utanriksdepartementet finansierte muslimsk-kristne delegasjoner til Midtausten og Pakistan for å vise fram den

norske dialoglinja (slik denne særleg hadde blitt artikulert av Jonas Gahr Støre).

Debatten i etterkant viste at mange openbert syntest at dette vart reint for mykje av det gode. Den liberale kritikken mot den institusjonaliserte religionsdialogen byggjer dels på ei førestilling om at dialogen etter sin natur er konfliktsky, dels på ei frykt for at dialogen – når religiøse leiarar vel å stå saman – skal reversere sekulariseringsprosessen og gi dei etablerte religionane større makt i samfunnet. Kanskje speglar det også ei frykt for at det individorienterte, menneskerettslege perspektivet skal bli tona ned til fordel for religiøse gruppeinteresser.

Som artiklane i dette temanummeret demonstrerer, har den faktiske samhandlinga i Kontaktgruppa vore alt anna enn konfliktsky, samtidig som det menneskerettslege perspektivet – heller enn å bli tona ned – har blitt meir og meir tydeleg. Av kontroversielle saker som har stått i fokus for samtalen og til dels blitt føremål for felleserklaeringar, kan nemnast: religion i skulen; den populistiske høgresida si mistenkeleggjering av norske muslimar; vilkåra for kristne minoritetar i muslimske majoritetssamfunn; kvinners stilling i religionane; Israel/Palestina-konflikten; retten til å skifte religion (felleserklaering i 2007); vald i nære relasjonar (felleserklaering i 2009); og religiøs ekstremisme (felleserklaering i 2011). I 2013 har gruppa også tatt tak i spørsmålet om uetisk misjon og religiøst press på asylmottaka.

Særleg deitre nemnde felleserklaeringane viser at Kontaktgruppa ikkje berre har fokusert på religiøse gruppeinteresser, men i stigande grad også sett fokus på det sårbarer individet sin situasjon. Både når det gjeld retten til å skifte religion og problemet med vald i nære relasjonar, er det jo slik at individet sin integritet blir truga ikkje av ”dei andre”, men av folk innanfor eins eigen religiøse kultur. Felleserklaeringa om ekstremisme har også ein markert sjølvkritisk undertone som ikkje akkurat gir inntrykk av at dialogen har konsolidert etablerte posisjonar. I staden har ein tatt tak i spørsmål som verkeleg *utfordrar* dei to religionane.

Kontaktgruppa har inspirert også til lokale religionsdialogar, for eksempel i Trondheim der eit forum for muslimsk-dialog har vore i sving sidan 2002. Samla sett må ein kunne seie at

dialogen i Kontaktgruppa har vore ei viktig motvekt mot den konfronterande identitetspolitikken med gjensidige fiendebilete som også har vunne terreng dei siste to tiåra. I dei tjue åra som Kontaktgruppa har vore i arbeid, har det blitt skapt ein unik tillit mellom store grupper på begge sider. Det har ikkje kome av seg sjølv, men som ei frukt av at mange har invitert både tid og engasjement i dialogen. Samtidig har kontakten meir og meir utvikla seg til eit konkret *samarbeid* om kjenslevare saker.

Likevel: Det som er vunne, må stadig vinnast på ny, med nye leiarar i førarsetet, og som svar på dei utfordringar som i åra framover vil melde seg i forholdet mellom kristne og muslimar i Norge.

Oddbjørn Leirvik

(gjesteredaktør; medlem av Kontaktgruppa frå starten, varamedlem frå 2008)